

FAD

**FORNYINGS- OG
ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET**

TILDELINGSBREV 2009

KAP. 1510

**FYLKESMENNENE OG
MØRE OG ROMSDAL FYLKE**

INNLEIING

Tildelingsbrevet til fylkesmennene og Møre og Romsdal fylke for 2009 er utarbeidd av Fornyings- og administrasjonsdepartementet i samarbeid med Barne- og likestillingsdepartementet, Justisdepartementet/ Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Miljøverndepartementet/ Direktoratet for naturforvaltning/ Statens forureiningstilsyn, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet/ Helsedirektoratet/Statens helsetilsyn, Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet.

Tildelingsbrevet for 2009 følger same struktur som tidlegare år. Økonomiske rammer og administrative føringar vert presentert i kapittel 1, og dei sentrale politiske føringane vert presentert i kapittel 2. Det er to vedlegg til brevet. Vedlegg 1 gjev ein oversikt over tildeling til dei einsskildde embeta, samt dei administrative og økonomiske fullmaktene. Vedlegg 2 gjev ein oversikt over sentrale styringsmøte mellom embeta og fagmyndigheita. Fornyings- og administrasjonsdepartementet ønskjer å peike på at tildelingsbrevet omtaler både oppgåver som vert finansierte over kapittel 1510, og oppgåver kor fagmyndigheitene tildeler særlege middel over eigne budsjett.

1. ØKONOMISKE RAMMER OG ADMINISTRATIVE FØRINGAR

1.1 Styringsdialogen

I retningslinene Styring, samordning og organisering av august 2003 (jf. FM-nett) vert styringsdialogen mellom departementa, direktorat/tilsyn og fylkesmennene skissert. Retningslinene er utforma i samarbeid med departementas fylkesmannsutval. Instruks for økonomiforvaltning i fylkesmannsembetene av 16.12.2004 set òg rammer for styringsdialogen mellom embeta og departementa.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet arbeider med ny finansieringsordning for Fylkesmannen. Den nye ordninga skal brukast frå og med 2010. For 2009 blir det få endringar, men Fornyings- og administrasjonsdepartementet legg opp til at det skal rapporterast på ressursbruk på dei ulike resultatområda i årsrapporten, jf. punkt 1.3 under.

Dei sentrale styringsdokumenta for Fylkesmannen er St.prp. nr. 1 for Fornyings- og administrasjonsdepartementet, fagproposisjonane, tildelingsbrev frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet, fullmaktsbrev frå fagmyndigheitene, og embetsoppdraget jf. <http://oppdrag.fylkesmannen.no>. Embetsoppdraget gjev den totale oversikten over oppgåvene i embeta, og må sjåast i samband med tildelingsbrevet. Embetsoppdraget for 2009 vert tilgjengelig etter at tildelingsbrevet er sendt embeta.

I samarbeid med fagdepartementa og fylkesmennene sitt arbeidsutval tek Fornyings- og administrasjonsdepartementet sikte på å gjennomføre fire fylkesmannsmøte i 2009. Vidare vil departementet gjennomføre eit møte for den administrative leiinga i embeta i 2009. Fagdepartementa og direktorata/tilsyna gjennomfører ei rekke styringsmøte for leiarar og sakshandsamarar på dei fleste sektorområda. For informasjon om møtedatoar i 2009, sjå vedlagte møtekalender.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har sett ned ei rekke utval som arbeider for departementet på det administrative feltet. Det finst utval for arkiv, IKT, kart og stadfesta informasjon, personale og økonomi. Fagutvala er sett saman av fagfolk frå ulike embete, og skal mellom anna løyse oppdrag frå departementet på sitt kompetansefelt og fremje nettverks-

og kompetansebygging i embeta. Utvala fattar ikkje vedtak som har konsekvensar for styringa av embeta, men gjev råd og rapporterer til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

1.2 Budsjett 2009

Budsjettfordelingsmodellen av 2005 vert ført vidare i 2009 med i hovudsak dei same kriteria som vart nytta i 2005. Hovudkriteria i budsjettfordelingsmodellen er:

- Husleige etter faktiske kostnader for bruttoareal minus felleskostnader som t.d. reinhald, oppvarming osv.
- Basis-/grunnfordeling som vil vere lik for alle, t.d. små oppgåver og oppgåver som er likt fordelt, og der det er vanskeleg å lage matematiske fordelingar.
- Dekning av reiseutgifter fordelt etter tal frå historiske rekneskap.
- Lønnskompensasjon for lønnsoppgjøret 2008
- Fagoppgåver som vert fordelte etter objektive og aktivitetsbaserte kriteria.
- Midlar som vert fordelte direkte, t.d. prosjektmidlar gitt av Fornyings- og administrasjonsdepartementet, embetsbustad, oppfølging med kontinentalsokkelen o.a.

Statistikkgrunnlaget knytt til fordeling av løyvinga til fagoppgåver er oppdatert hausten 2008. Embetas relative del av løyvinga til fagoppgåver er difor endra.

Kartlegginga av måloppnåing og ressursbruk i fylkesmannsembeta i 2007 avdekte eit manglande samsvar mellom oppgåver og ressursar på fleire fagområde. På grunnlag av svikta i måloppnåing er kapittel 1510 tilført 25 mill. kroner. Fagdepartementa og Fornyings- og administrasjonsdepartementet har vurdert den embetsvise fordelinga av midlar på dei ulike fagområda. Fordelinga av ressursane og hovudprioriteringar knytt til desse er presisert i vedlegg 1.

Kapittel 1510 er auka med 4,7 mill. kroner til Fylkesmannen sitt tilsyn med omsorgsenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar under 15 år, samt klagesakshandsaming på einskildvedtak fatta overfor denne gruppa. Vidare er det overført 1 mill. kroner frå Miljøverndepartementet til kap. 1510 for å styrkje embeta sitt arbeid knytt til handheving av regelverket for mottak av avfall i norske hamner. Fordeling av desse ressursane mellom embeta er presisert i vedlegg 1.

Som øvste sjef for fylkesmannsambetet er fylkesmannen ansvarleg for at budsjettvedtaket frå Stortinget for 2009 vert følgt opp. Krava om å nå resultat må ikkje medføre tvil om at løyvingsskema er overordna, jf. St.prp. nr. 48 (2004-2005) og Innst. S. nr. 187 (2004-2005). Fylkesmannen må sette i verk tiltak som sikrar at budsjettskema ikkje vert overskriden.

Til grunn for fylkesmannsembeta sitt arbeid i 2009 ligg dei oppgåvene som embeta skal løyse i høve til lover, forskrifter og særlege politiske prioriteringar. Vi viser til orienteringa om ressurskartlegging og arbeidet med ny finansieringsordning på fylkesmannsmøte 14.10.2008. Med bakgrunn i den vidare oppfølginga i saka, legg Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet til grunn at det ikkje skal skje ei ytterlegare nedbemanning på landbruks- og matområdet i 2009 i samband med den interne fordelinga av ressursar i embeta.

Fylkesmannen skal sjå til at embetet kvart år utarbeider ein plan med både eittårig og fleirårig perspektiv, jf. "Instruks for økonomiforvaltning i fylkesmannsambetene" av 16.12.2004. I planen skal embeta konkretisere korleis måla som vert sett skal realiserast, og kva styringsparameter som skal nyttast. Langtidsplanlegginga skal sikre at mål og resultatkrav vert oppnådde på ein effektiv måte.

Ei god mål- og resultatstyring byggjer på at Fylkesmannen har kontroll over risiko knytt til å nå mål og planar, og på dette grunnlag kan verksette tiltak som skal hjelpe til å redusere risikoen. Fornyings- og administrasjonsdepartementet er oppteken av at Fylkesmannen gjennomfører risikovurderingar som ledd i si interne styring, jf. § 4 i Reglement for økonomistyring i staten. Embeta bes merke seg at arbeidet med strategiplanar og større utviklingstiltak skal byggje på risikovurderingar som kan dokumenterast. Vesentlige endringar i risikobiletet skal meldast frå til ansvarleg oppdragsgjevar med kopi til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Finansiering utanom kapittel 1510

Fagdepartementa og/eller direktorat og tilsyn stiller i *fullmaktsbrev* middel til disposisjon til særlege oppdrag i regi av Fylkesmannen (diverse *fagmiddel*, *prosjektmiddel* osv). Fagmyndigheitene ga i førebels tildelingsbrev signal om på kva område embeta kan forvente å verte styrka ressursmessig i 2009 utanom kap. 1510. Endeleg avsetting av middel til dei ulike oppgåvene og fordeling mellom embeta vil fagmyndigheitene komme tilbake til i dei endelege fullmaktsbrev.

Når det gjelder utrekning av administrative kostnader knytt til oppgåver som ikkje er finansierte over kap. 1510, viser vi til retningsliner for dette i brev frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet til embeta 29.05.2006.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil understreke at embeta skal følge retningsliner for bruk av interimskonto forklart i departementet sitt brev av 22.05.2007 og 2.5.2008.

Fylkesmannen forvaltar tilskotsordningar/tilskotsmidlar på vegne av ei rekke fagdepartement. Fullmaktsbrev om tilskotsforvaltning vert sendt embeta frå dei einskilte fagdepartementa/direktorata. Embeta skal sjå til at forvaltninga av tilskotsordningane er i samsvar med reglane i kapittel 6 i Bestemmelser om økonomistyring i staten.

1.3 Rapportering

Det er utvikla ei weblogg-løysing for embetas årsrapport til Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Løysinga er i bruk for årsrapporten 2008. Embeta skal nytte den same rapporteringsløysinga for årsrapporten 2009. Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil, saman med fagmyndigheitene og embeta, arbeide for å få denne rapporteringskanalen til å bli enda betre. Vi vil òg arbeide med å finne gode elektroniske løysingar for rapportering ved utvikling av ePhorte-rapporteringa. Vi tek sikte på at denne løysinga på sikt kan erstatte SYSAM. Embeta skal rapportere på same måte som for 2008 inntil vidare.

Frist for å ferdigstille årsrapporten for 2008 er 27. 02.2009. Frist for å ferdigstille årsrapporten for 2009 er 26.02.2010.

Embeta skal etter utgangen av 2. tertial utarbeide rekneskapsrapport for forventa utgifter og inntekter på kapitla 1510 og 4510 for 2009. Rapporten skal sendast Fornyings- og administrasjonsdepartementet innan medio september 2009. Departementet vil gi ytterlegare informasjon om rapporteringa i eige brev.

1.4 Administrative føringar

Fylkesmannen har ansvaret for at embetet til ei kvar tid er organisert og leia på ein slik måte at arbeidsoppgåvene vert løyste best mogeleg og i samsvar med dei måla som er sett for verksemda gjennom lovgjeving, budsjettvedtak, tildelingsbrev, eller formidla gjennom andre styringskanalar. Fylkesmannen har det samla ansvaret for alle sider ved verksemda i embetet, medrekna at det systematisk vert arbeidd med å forme leiarhaldningar og forvaltningsverdiar i organisasjonen som fremjar måloppnåinga og sikrar eit framleis høgt fagleg kompetansenivå. [Plattform for leiing i staten](#) gir basis, rammer og prinsipp for leiarskap i staten. Plattformen skal leggast til grunn for leiarskap og arbeidet med å utvikle leiing i embeta.

Verksemda skal ha fokus på god leiing, organisering og styring. Leiarar skal sette tydelege krav og verdsette innsats og resultat. Arbeidsforma i verksemda skal vere prega av brukarorientering, openheit, effektivitet, kvalitet og medverknad.

Særskilte oppdrag på det personalpolitiske området vert nærare presisert i embetsoppdraget, under Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Sakshandsamingstid og rettstryggleik

Rask handsaming av klagesaker er viktig for rettstryggleiken. Fylkesmennene skal i 2009 halde fram med arbeidet for ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på under tre månader for klagesaker etter plan- og bygningslova. Ved handsaming av klagesaker etter sosialtenestelovgjevinga skal 90 % av sakene ha ei handsamingstid på tre månader eller mindre. Dette målet er sett fordi ein del saker er vanskeleg å handsame innan tre månader.

Elektronisk forvaltning

Ei overordna målsetjing er å gjere brukarane sitt møte med det offentlege enklare og frigjere ressursar både hos brukarane og hos det offentlege. Fylkesmannsembeta må i arbeidet sitt med tenesteutvikling vurdere korleis IKT kan nyttast i dette arbeidet. Aktuelle e-tenestar skal gjerast tilgjengelege gjennom portalane MiSide (for innbyggjarane) og Altinn (for næringslivet).

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vidarefører ei rekke av oppdraga på området elektronisk forvaltning til 2009. Oppdraga vert presisert i embetsoppdraget.

Forvaltningsreforma

Regjeringa har lagt fram [Ot. prp. nr 10 \(2008-09\) Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv \(gjennomføring av Forvaltningsreformen\)](#). Odelstinget handsama saka 15.12.2008.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil halde tett kontakt med fylkesmennene og tenestemannsorganisasjonane i det vidare arbeidet med reforma. Kvar einskild Fylkesmann bes om å halde sine tilsette orienterte om framdrifta i reformarbeidet. Det er viktig at embeta sørgjer for ei smidig overføring av oppgåvene og medverkar til eit godt samarbeid med fylkeskommunane.

Teknisk planleggingsteneste

I jordbruksoppgjeret for 2008 vart det vedteke å overføre dei tekniske planleggingstenestene i landbruket frå Fylkesmannen til Norsk Landbruksrådgeving. Tenesta skal overførast frå 1.1.2010, med unnatak av Nordland og Troms som tek sikte på å overføre tenesta i løpet av 2009. Landbruks- og matdepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet

understrekar viktigheita av å ha ein god dialog med Norsk Landbruksrådgjeving i denne prosessen, samt å motivere dei tilsette det gjeld til å halde fram med denne arbeidsoppgåva i ny organisasjon. Det er viktig at dei tilsette det angår får naudsynt informasjon om prosessen og at fristen for eventuell reservasjon mot å bli overført til ny arbeidsgjevar ikkje vert sett for tidleg.

Innkjøp

Riksrevisjonen har uttalt at revisjonen for 2007 viser framleis svakheiter ved etterlevinga av regelverket for offentlege innkjøp i det einstilte fylkesmannsembete, jf. Dok. nr.1 (2008-2009). Departementet har ved fleire høve, seinast i brev av 05.05.2008, teke brota opp med embeta. I lys av kritikken frå Riksrevisjonen, ber vi difor om at kvart embete:

- har og held vedlike føremålstenlege rutinar og støttesystem i eigen organisasjon som sikrar at risikoen er låg for brot på regelverket, samstundes som kravet til effektiv ressursbruk vert teke vare på;
- har og held vedlike kompetanse på regelverket for offentlege innkjøp, samt at retningslinene og rutinane til embetet på dette området er godt kjent blant dei tilsette;
- syter for at store og/eller kritiske kjøp inngår i embeta sine fleirårige planar, samt vurderer bruk av rammeavtalar, innføring av elektroniske innkjøpsverktøy og evt. innkjøpssamarbeid med andre embete m.m.
- syter for at gjennomføringa av prosessen ved kjøp av varer og tenester vert dokumentert på forsvarleg vis, t.d. gjennom føring av protokollar, jf. Forskrift om offentlege anskaffelser § 3-2.

Fylkesmannen skal vidareføre ordninga med eigen innkjøpskoordinator. Embeta må sikre at innkjøpskoordinatoren har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å vareta oppgåva.

Miljøtiltak

Fylkesmannen skal følgje opp Handlingsplanen for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Dette inneber mellom anna at statlege verksemder skal følgje opp og implementere miljøomsyn i sine innkjøp og verksemdene skal kunne dokumentere at det er teke omsyn til miljøkriteria når det gjelder val av leverandør/produkt innafor prioriterte produktgrupper. Til dømes skal det sytast for at leverandørar til det offentlege er medlem av ei returordning for emballasje (til dømes Grønt punkt Norge AS) eller oppfyller vilkåra ved eigen handsaming av emballasje på ein miljøvenleg måte.

I handlingsplanen heiter det òg at statlege verksemder med vesentlege miljøutslipp bør innføre tredjeparts sertifisert miljøleiingssystem og at andre verksemder skal ha enkle miljøleiingssystem. Det er viktig at embeta har eit godt omdømme og går føre òg i miljø- og klimaarbeidet. Vi ber difor Fylkesmannen om å vurdere å innføre ei tredjeparts sertifisering tilpassa verksemda, til dømes Miljøfyrtårnet si ordning.

Brukarundersøkingar

Verksemda skal gjennomføre regelmessige, systematiske brukarundersøkingar. Desse skal som hovudregel verte gjord offentleg tilgjengelege. Embeta vurderer sjølve kor ofte det er formålstenleg å gjennomføre slike undersøkingar. Utforminga skal byggje på lokale vurderingar. Plan for gjennomføring og resultat vert rapportert i årsrapporten.

Forsøk med redusert arbeidstid for seniorar

Forsøket med redusert arbeidstid for seniorar blir avslutta 01.08.2009. Det vil ikkje bli tilført ressursar for å kompensere lønnsmidlar for tilsette som har redusert stilling som del av

forsøket etter at forsøksperioden er avslutta, jf brev frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 22.12.2008.

Mållova

Fornyings- og administrasjonsdepartementet ser grunn til å minne embeta om å oppfylle dei krava som følgjer av mållova, jf. [Lov om målbruk i offentleg teneste](#), sist endra 11.03.1988.

2. SENTRALE POLITISKE FØRINGAR

Dei sentrale politiske føringane for fylkesmennes arbeid for 2009 er knytt til generelle samordnings- og rettleiingsoppgåver retta mot kommunane, velferd, helse, personleg tenesteyting, oppvekst, familiepolitikk, utdanning, arealdisponering, byggjesaker, landbruksbasert næringsutvikling, naturresursforvaltning, miljøvern, samfunnstryggleik og beredskap.

2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornyning av offentleg sektor

Fylkesmannen er det sentrale samordningsorganet ovanfor kommunane på regionalt nivå. Samordningsansvaret til Fylkesmannen gjeld samordning av statlege styringssignal på tvers av sektorane i embetet. Samordningsansvaret gjeld òg i forhold til statlege etatar i fylket som har ansvar for oppfølging overfor kommunesektoren. I Fylkesmannen si samordning og anna verksemd er det viktig å medverke til å styrke legitimiteten til det lokale folkestyret, mellom anna gjennom å synleggjere kommunane sin plass i styringssystemet og fokusere på måloppnåing i kommunesektoren. Samordningsansvaret inneber òg at Fylkesmannen skal medverke til at tilbakemeldingar frå kommunane og innbyggjarane om statleg politikk vert formidla vidare til sentrale myndigheiter.

Det er inngått ei rekke bilaterale avtaler gjennom konsultasjonsordninga mellom staten og kommunesektoren. I fleire av desse ligg det ei forventning om samarbeid og samordning mellom KS regionalt og Fylkesmannen.

Fylkesmannen har ei omfattande og viktig oppgåve med å føre tilsyn på ulike samfunnsområde som er viktige for den einskilde innbyggjar si velferd, helse og tryggleik og for miljøtilhøva i fylket. I tillegg har Fylkesmannen ansvaret for å samordne heile den statlege tilsynsverksemda retta mot kommunane og fylkeskommunane, også den tilsynsverksemda som er lagt til andre statlege tilsynsorgan. Fylkesmannen si samordning skal omfatte både dei praktiske omstende rundt tilsynet og tilsyna sin bruk av reaksjonar. Samordninga skal sikre at tilsynsverksemda blir meir rasjonell og effektiv og at den einskilde kommune eller fylkeskommune betre kan følgje opp tilsynet. Fylkesmannen må derfor arbeide med å vidareutvikle ein god metodikk og gode rutinar for samordninga, både internt i embetet og mot dei andre tilsynsorgana. Dette krev mellom anna at embetet har ein aktiv dialog med dei andre tilsynsorgana om deira tilsynsplanar o.a. Fylkesmannen skal òg leggje til rette for ein god dialog mellom tilsynsorgana og kommunen eller fylkeskommunen om sanksjonar og korleis kommunen eller fylkeskommunen skal følgje opp desse. Samla sett utgjer tilsynsverksemda ei vesentleg og ressurskrevjande oppgåve for embeta. Det er derfor viktig at embetsleiinga er engasjert i tilsynsoppgåvene, så dei vert gjennomført så optimalt som mogleg.

Fylkesmannen har ansvar for å hjelpe til med kunnskap om bruk av lover og gje rettleiing om generell sakshandsaming i kommunane. På denne måten skal Fylkesmannen medverke til rettstryggleik og ei open forvaltning med høg etisk standard i kommunane. I samband med

stortingsvalet i 2009 skal Fylkesmannen gi kommunane rettleiing om vallovgivinga og den praktiske gjennomføringa av val.

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for å formidle informasjon til kommunane om det økonomiske opplegget for kommunesektoren og skal rettleie kommunane i økonomisk planlegging og forvaltning. Finanskrisa krev at oppfølginga av økonomien i kommunane blir særleg viktig i 2009. Kommunar med økonomisk ubalanse og store innsparingskrav skal følgjast opp spesielt. Det er framleis trong for at fylkesmennene har fokus på finansforvaltninga i kommunane. Det vil våren 2009 komme ein ny forskrift for kommunane og fylkeskommunane si finansforvaltning som Fylkesmannen må setje seg inn i og formidle til kommunane. Fylkesmennene må òg følgje opp at kommunane rettar seg etter nye krav forskrifta fører med seg. I Fylkesmannen si formidling av statleg politikk overfor kommunane skal det komme fram om oppgåvene er lovpålagde for kommunane eller om dei er av rådgjevande eller rettleiande art. I KOSTRA-arbeidet skal Fylkesmannen leggje til rette for at kommunane aktivt kan bruke KOSTRA-data som styringsinformasjon i eigen kommune, spesielt med fokus på nøkkeltal om eigedomsforvaltning som er nytt frå og med 2009 publiseringa.

Fylkesmennene skal stimulere til lokal omstilling og fornying. Fylkesmennene sitt arbeid med omstilling og fornying må òg sjåast i samband med arbeidet knytt til rettleiing, samordning og skjønstildeling, og med regjeringa sitt arbeid med fornying i kommunesektoren, der Kvalitetskommuneprogrammet inngår som ei viktig satsing, jf. [St.prp. nr. 57 \(2007-2008\) Kommuneproposisjonen 2009](#). Fylkesmannen bør bruke eigen kompetanse og prosjektskjønnsmiddel for å understøtte arbeidet lokalt og i fylket.

Som eit ledd i fornyingsarbeidet i kommunal sektor med eit auka fokus på kommunane si rolle som samfunnsutviklarar, skal arbeidet med styrking av lokalt miljøvern vidareførast. Fylkesmannen skal medverke i gjennomføringa med fagleg støtte og deltaking i nettverkssamarbeid, rettleiing og kompetanseutvikling. Arbeidet skal samordnast med det kommuneretta arbeidet på landbruksområdet.

Handlingsplan for auka tilkomst gjennom universell utforming gjeld for perioden 2005–2009. Fylkesmannen skal integrere universell utforming som strategi i verksemda si og særleg leggje vekt på å rettleie kommunane om universell utforming på alle relevante politikkområde.

2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting

Dei neste tiåra vil Noreg oppleve demografiske endringar med ei gradvis aldrande befolkning. Grappa eldre blant ikkje-vestlege innvandrarar vil òg auke i åra som kjem. Fylkesmannen skal førebu kommunane på dei auka oppgåvene dette kan føre til på helse- og sosialtenesteområdet og sørgje for at dette vert sett på dagsordenen i kommunal planlegging. Fylkesmannen skal gje råd og stimulere til auka brukarstyring og aktiv deltaking frå dei eldre. Den kommunale omsorgstenesta dekkjer etter kvart heile livsløpet, og har dei siste åra fått mange nye brukargrupper med langvarige og samansette problem og lidningar, som krev anna fagleg kompetanse enn heimetenestene tradisjonelt har rådd over. Fylkesmannen skal hjelpe kommunane i det utviklings- og omstillingsarbeidet desse nye utfordringane krev, spesielt i høve til kompetanse og fagleg breidd. Utfordringane er nærare omtala i [St.meld. nr. 25 \(2005-2006\) Mestring, muligheter og mening](#). Fylkesmannen skal medverke i arbeidet med å utvikle både institusjonstenestene og heimetenestene i tråd med krava til framtidens omsorgsteneste. Omsorgsplan 2015 lyfter fram fire store prosjekt: 10 000 nye årsverk i pleie- og

omsorgstenesta, 12 000 nye omsorgsplassar, Demensplan 2015 og Kompetanseløftet 2015. I samarbeid med mellom anna KS og Husbanken, skal Fylkesmannen sikre at alle tiltaka og delplanane i Omsorgsplan 2015 vert følgde opp som ein heilskapleg plan. Embeta vert tilførde ressursar over Helse- og omsorgsdepartementets budsjett for å følgje opp Omsorgsplan 2015.

Fylkesmannen skal medverke til utveksling av røymsler med samhandling mellom kommunale helse- og sosialtenester og dei andre helsetenestene (spesialisttenester og tannhelsetenesta). Fylkesmannen skal medverke til at gode løysingar vert gjort kjende, og skape møteplassar som stimulerer til auka samarbeid på tvers av sektorar og fagområde.

Fylkesmannen skal føre tilsyn med at innbyggjarane får den handsaminga av kommunane som dei etter lov og andre føresegner har krav på innan sosialtenester, barnevern, rustenester, utdanning og verjemål. Helsetilsynet i fylka skal føre tilsyn med at innbyggjarane får det same tilbodet når det gjeld helsetenester. Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylka skal føre tilsyn med at både kommunale og andre verksemder, mellom anna helseføretaka, rettar seg etter dei plikter som følgjer av lovene. Dette er ikkje minst viktig når det gjeld likeverdige tenester for personar med minoritetsbakgrunn. Helsetilsynet i fylket skal i 2009 slutføre det toårige landsomfattande tilsynet med spesialisthelsetenester til vaksne med psykiske lidingar.

Erfaring har vist at arbeidsmengda i overformynderia har vore stor dei seinare åra, med stadig meir kompliserte saker. For å sikre at rettane og rettstryggleiken til innbyggjarane vert varetekne, er det viktig at Fylkesmannen oppfyller krava i verjemålslova om tilsyn med overformynderia.

Fylkesmannen har ei viktig rolle i å setje i verk tiltak i handlingsplanen mot kjønnslemlesting. Fylkesmannen skal syte for kurs/seminar for å heve kompetansen hos helsepersonell, og stimulere til tiltak i regi av helsestasjons- og skolehelsetenesta i kommunane for å førebygge kjønnslemlesting. Helsedirektoratet fordeler ressursar til embeta til dette. Fylkesmannen skal òg gjennomføre kurs og konferansar om kjønnslemlesting for de tilsette i barnevernstenesta. Embeta kan søkje om midlar frå Barne- og likestillingsdepartementet til slike tiltak.

Fylkesmannen skal medverke til å setje i verk Opptappingsplan for rusfeltet overfor kommunane. I samarbeid med Helsedirektoratet og dei regionale kompetansesentra for rusmiddel spørsmål, skal Fylkesmannen hjelpe kommunane med å betre kvaliteten på rusarbeidet. Fylkesmannen sitt arbeid med rusrådgjeving vert finansiert over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet.

Opptappingsplanen for psykisk helse er avslutta i 2008. I 2009 skal Fylkesmannen medverke til at tiltak og arbeidsmåtar som er sette i verk i planperioden vert vidareførte. Fylkesmannen skal følgje opp og kvalitetssikre kommunane si rapportering om utviklinga av det psykiske helsearbeidet. Embeta sine rådgevarar innan det psykiske helsefeltet er også i 2009 finansierte over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet. Arbeidet med psykisk helse og arbeidet på rusfeltet skal sjåast i samanheng.

Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylket er tillagd nye oppgåver når kap. 4 A i lova om pasientrettar trår i kraft 01.01.2009. Oppgåvene er knytte til tilsyn, klagesakshandsaming og overprøving og kontroll av einskildvedtak. Embeta vert styrkte over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett til oppgåva.

Fylkesmannen skal formidle nasjonale satsingar i folkehelsepolitikken, delta i det regionale partnerskapet for folkehelse og medverke til samordning av ulike politikkområde som har innverknad på folkehelsa. Fylkesmannen skal syte for helsefagleg kunnskap, rådgjeving og rettleiing i folkehelse spørsmål regionalt og lokalt, og medverke i arbeidet for ei jamnare sosial fordeling av helse i befolkninga. Når det gjeld tverrdepartementale handlingsplanar innan mellom anna betre kosthald i folkesetnaden, fysisk aktivitet og tobakksførebyggjande arbeid, skal Fylkesmannen medverke til at tiltaka innan dei einskilde sektorane vert gjennomførde og sette i samanheng. Dette gjeld til dømes helse-, miljø-, landbruks-, sosial- og utdanningssektoren. Fylkesmannen skal legge til rette for lokale lågterskeltilbod på livsstilsområde, mellom anna med bakgrunn i Helsedirektoratet si kartlegging av status i sjukeheimar og nye nasjonale retningslinjer for førebygging og handsaming av underernæring.

Fylkesmannen skal delta i utviklinga av kompetanse og kvalitet i sosialtenesta og legge til rette for utvikling av bustadsosialt arbeid, rettleiing i personleg økonomi og andre oppgåver i kommunane knytte til innsatsen mot fattigdom. Fylkesmannen skal delta i NAV-reforma i samarbeid med Arbeids- og velferdsetaten og representantar frå kommunane i fylket. Fylkesmannen si rolle er særleg knytt til kompetanseutvikling i sosialtenesta, deltaking i den regionale samordninga av reforma, og dessutan å gje råd til kommunane i arbeidet med å etablere ei felles statleg og kommunal arbeids- og velferdsforvaltning (NAV-kontor).

Regjeringa vil styrkje rettstryggleiken for brukarane av sosialtenesta og førebur eit lovforslag som vil utvide Fylkesmannen sitt tilsyn til å omfatte kommunane si forvaltning av økonomisk stønad, kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad. Ein odelstingsproposisjon er planlagt fremja for Stortinget våren 2009, og regjeringa tek sikte på at lova skal kunne tre i kraft medio 2009. Embeta er planlagt tilført ekstra ressursar til dette arbeidet.

Kap. 5 A i lov om sosiale tenester om kvalifiseringsprogram med tilhøyrande stønad trådde i kraft 1. november 2007. Med heimel i desse reglane har alle som fyller kriteria rett til eit individuelt tilpassa kvalifiseringsprogram frå NAV-kontoret. Fylkesmannen skal gjennom ulike tiltak medverke til at denne ordninga fungerer etter intensjonane. Arbeids- og inkluderingsdepartementet vil i eige fullmaktsbrev målbera oppdrag og endeleg storleik på ekstra ressursar til embeta for 2009.

Fylkesmannen spelar saman med NAV fylke ei viktige roller i gjennomføringa av kvalifiseringsprogram for utsette grupper. Prosjekt som vart etablerte i 2008 mellom dei to aktørane på fylkesnivå vert vidareført i 2009.

Fylkesmannen skal mekle i tvistar som hindrar Arbeids- og velferdsetaten og kommunane i å inngå avtale om felles, lokale NAV-kontor, jf. forskrift til arbeids- og velferdsforvaltningslova av 12.03.2007. Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylka skal følgje omorganiseringa når det gjeld integrering av andre sosialtenester med tanke på å identifisere område med fare for svikt.

Regjeringa vil legge til rette for at flyktningar som får vern i Noreg raskt skal kunne busette seg i ein kommune, og ta i bruk sine ressursar i arbeids- og samfunnsliv. Fylkesmannen skal, gjennom sin kontakt med kommunane, medverke til at politikken til regjeringa vert gjennomført på dette område.

Fylkesmannen skal gjennomføre statsborgarseremoniar og søke å medverke til at talet på nye statsborgarar som deltek på seremoniane aukar.

2.3 Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

Oppvekst og levekår for barn og unge har stor innverknad på deira fysiske, psykiske og sosiale utvikling. Gjennom ansvaret for samordning skal Fylkesmannen gje råd til og motivere kommunane til samarbeid mellom tenester og ulike institusjonar som arbeider for og med barn og unge og deira familiar. Dette gjeld mellom anna helsestasjonar, barnehagar, skular, barnevern og ulike friviljuge organisasjonar.

Tilsyn er hovudoppgåva til Fylkesmannen på barnevernsområdet. Fylkesmannen skal oppfylle krava i lovverket om individretta og systemretta tilsyn i offentlege og private barnevernsinstitusjonar. Fylkesmennene skal helde naudsynt oversikt over og føre tilsyn med utviklinga i barnevernstenesta i kommunane, og syte for at feil og manglar vert retta opp. Fylkesmannen skal rettleie og følgje opp kommunane i arbeidet deira på barnevernsområdet. I 2009 skal arbeid knytt til meldingar til barnevernet og oppfølging av mottekne meldingar få særleg merksemd.

Fleire fylkesmannsembete får i løpet av 2009 meir arbeid med å føre tilsyn med omsorgsenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktingar under 15 år. Fylkesmannen er vidare klagemyndigheit på einskildvedtak fatta overfor denne gruppa.

Barnehagesektoren står framfor monalege strukturendringar ettersom regjeringa tek sikte på at retten til barnehageplass vert innført i 2009 og tilskotta til barnehagar vert innlemma i rammetilskottet til kommunane i 2011. Fylkesmannen si rolle som formidlar av nasjonale styringssignal er svært viktig dei nærmaste åra. Fylkesmannen skal følgje opp alle kommunane i arbeidet med å dimensjonere for den lovfesta retten til barnehageplass. Fylkesmannen skal ha særleg fokus på dei kommunane som har vanskar med å nå målet om full barnehagedekning, men skal òg gjere sitt til at dei kommunane som har nådd full barnehagedekning held denne oppe. Fylkesmannen skal medverke i oppfølginga av barnehagelova, rammeplanen for barnehagar og kompetansestrategien for barnehagesektoren, og forvalte dei statlege midlane til lokale kompetansetiltak. Tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit skal vere ei prioritert oppgåve. Føremålet med tilsynet er å sikre at krava i barnehagelova vert oppfylte og å medverke til å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet.

På utdanningsområdet er tilsyn hovudoppgåva for Fylkesmannen i 2009. Tilsynet skal medverke til at grunnopplæringa vert gjennomført i samsvar med opplæringslova og privatskolelova med tilhøyrande forskrifter. Fylkesmannen skal rette særleg merksemd mot skular og skuleeigarar der det er grunn til å tru at rettane til elevane ikkje er oppfylte. Fylkesmannen skal gjennomføre nasjonalt tilsyn med felles metodikk (systemrevisjon) på utvalde område innanfor utdanningssektoren. Fylkesmannen skal òg følgje opp tiltak for auka kvalitet i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr. 31 (2007-2008) Kvalitet i skolen. Embeta vert tilførde ressursar over Kunnskapsdepartementets budsjett til dette.

Fylkesmannen skal, gjennom å påverke og rettleie kommunane på ulike samfunnsområde, arbeide aktivt og målretta for å fremje likestilling, som er både likestilling mellom kjønn, etnisk likestilling og likstilling for personar med nedsatt funksjonsevne.

2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Fylkesmannen har ansvar for at nasjonal politikk vert formidla og teke vare på i handsaminga av kommunale og regionale planar. Fylkesmannen har ei viktig rolle i høve til å gjennomføre nasjonale mål, setje i verk ny plan- og bygningslov og til å synleggjere kommunane sitt

handlingsrom på plan- og miljøområdet. Fylkesmannen skal leggje til rette for ein differensiert arealpolitikk for å oppretthalde og auke busetjinga i distrikta.

Fylkesmannen sine oppgåver i samband med kommune- og fylkesplanlegginga er sentrale verkemiddel for formidling av statleg sektorpolitikk på viktige område. Samstundes skal Fylkesmannen fremje heilskapleg statleg politikk i planleggingsarbeidet og medverke til heilskapleg formidling av statleg arealpolitikk slik at dei nasjonale måla for lokal og regional omstilling og utvikling på kvart område er i samsvar med andre nasjonale mål. I høve til innbyggjarane og næringslivet skal Fylkesmannen som klageinstans sikre at kommunale planvedtak prosessuelt og innholdsmessig er i samsvar med plan- og bygningslovgivinga og nasjonale interesser.

Arealpolitikken skal medverke til reduserte utslepp av klimagassar. Fylkesmannen skal rettleie kommunane og syte for at arealplanar tek klimaomsyn i høve til busetjings- og utbyggingsmønster, transport, energibehov og legge til rette for ny, fornybar energi, jf. forslag om sektorvise klimahandlingsplanar i [St.meld. nr. 34 \(2006-2007\) Norsk klimapolitikk](#).

Fylkesmannen skal samordne statlege forventingar og interesser i høve til kommunar og fylkeskommunar. Fylkesmannen er ansvarleg for at regional stat medverkar i regionale planprosessar og i gjennomføring av godkjende planar. Fylkesmannen og regionale statsetatar skal òg delta i ulike partnarsskap for å stimulere den regionale utviklinga.

Fylkesmannen skal leggje til rette for verdiskaping, berekraftig næringsutvikling, gode bustader og bumiljø, folkehelse og gode oppvekst- og levekår i alle delar av landet. Fylkesmannen skal sjå til at dei rikspolitiske retningslinene for samordna areal- og transportlegging vert følgde opp i kommunane, til dømes ved å følgje opp godkjende fylkesplanar og fylkesdelplanar for kjøpesentra slik at desse vert lokaliserte sentralt og til område som har lett tilkomst med kollektiv transport.

Reglane om bygging i 100-metersbeltet langs sjøen er stramma inn. Fylkesmannen skal vidareføre ein differensiert strandsonopolitikk, og ha særleg merksemd på at kommunane held fram med ein streng praksis ved handsaming av plansaker i strandsona og i fjellområda der det er sterk konkurranse om areala. Vidare skal Fylkesmannen sjå til at kommunane sikrar miljøverdiar og friluftsliv i vassdragsnaturen, mellom anna gjennom innføring av byggjeforbod nærare innsjøar og vassdrag enn 50-100 meter.

Fylkesmannen skal medverke til at det vert teke omsyn til å oppretthalde eigna avstand mellom verksemdar som handterer farlege stoff og bustadområde, bygningar og område med offentleg ferdsel, jf. St.meld. nr. 22 (2007-2008) Samfunnssikkerhet.

Fylkesmannen skal medverke i arbeidet med å sikre grønstruktur og friområde i byar og tettstader, mellom anna gjennom rettleiing og strengare handheving av Rikspolitiske retningsliner for barn og unge.

Ved handsaming av plansaker skal Fylkesmannen medverke til at kommunane tek omsyn til truga artar og naturtypar. Fylkesmannen skal medverke i arbeidet med å sikre villreinen sine leveområde gjennom regionale planprosessar, og i at kommunar med reindrift sikrar reindriffta sitt areal gjennom planlegging.

Det er regjeringa sitt mål å halvere den årlege omdisponeringa av jordressursar innan 2010 i forhold til den gjennomsnittlege omdisponeringa dei siste 10 åra. Fylkesmannen skal

medverke til at ivaretaking av viktige landbruksområde vert sett på den politiske dagsorden i kommunane. Regjeringa har lagt opp til ei meir restriktiv line når det gjeld omdisponering av dyrka og dyrkbar mark og Fylkesmannen har ei viktig rolle i å følgje opp dei nasjonale føringane når det gjeld jordvern. Fylkesmannen skal vidare følgje med på kommunane si praktisering av reglane i jord- og konsesjonslovgivinga, mellom anna i saker om deling, omdisponering og buplikt. I sin dialog med kommunane skal Fylkesmannen auke fokuset på priskontroll i konsesjonssaker, slik at prisane på landbrukseigedomar vert haldne på eit nivå som tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling.

Fylkesmannen skal medverke til å sikre landbruket sitt kulturlandskap i heile landet, mellom anna ved å stimulere kommunane til å peike ut kjerneområde for landbruk. I løpet av 2009 skal forvaltninga av om lag 20 utvalde kulturlandskap i jordbruket fordelt over heile landet vere sikra. Fylkesmannen har, saman med fylkeskommunen og aktuelle kommunar, ei sentral rolle i å følgje opp med vidare planlegging, verkemiddelbruk og tiltak og sikre skjøtsel og vedlikehald av desse områda. Setring er ein viktig del av kulturarven, og Fylkesmannen skal medverke til at Noreg framleis tek vare på ein kultur som elles i Europa er i tilbakegang. Særskilde tiltak i verdsarvområda skal òg halde fram i dei fylka der dette er aktuelt. Registrerte miljøverdiar og viktige areal for naturmangfald skal innarbeidast i ulik verkemiddelbruk.

Fylkesmannen skal formidle dei nasjonale måla for bygningspolitikken og gjennom sakshandsaming og rettleiing medverke til at desse måla vert nådd. Dette inneber at Fylkesmannen i 2009 skal arbeide for ein god og effektiv byggeprosess både når det gjeld si eiga handsaming av klager og når det gjeld sakshandsaminga i kommunane. Fylkesmannen skal arbeide for god kvalitet i det bygde miljø ut frå omsyna til klimautfordringar, nye energikrav og prinsippa om universell utforming.

2.5 Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Det er ei målsetjing å få til eit taktskifte innan næringsutvikling og innovasjon i landbruket. På bakgrunn av den nasjonale strategien for landbruksbasert næringsutvikling ”Ta landet i bruk” og strategien for forskning og forskingsbasert innovasjon i landbruks- og matsektoren, skal Fylkesmannen i samspel med kommunar og det regionale partnerskapet vidareutvikle arbeidet med næringsutvikling og innovasjon. Fylkesmannen og Innovasjon Norge må gjennom det regionale partnerskapet samarbeide om roller og kontaktflater mot kommunane knytte til styrking av det kommunale næringsapparatet, særskilt gjennom Innovasjon Norge sitt kommuneprojekt. I høve til det kommuneretta arbeidet, vert Fylkesmannen styrkt over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett.

Fylkesmannen skal i 2009 delta i arbeidet med å vidareutvikle ”Inn på tunet” som eit tenestetilbod, og følgje opp tiltaka knytte til den nasjonale handlingsplanen for Inn på tunet. Arbeidet på dette området må sjåast i samband med Fylkesmannen sitt arbeid på øvrige sektorområde.

Fylkesmannen skal vidareføre og vidareutvikle arbeidet med ein risikobasert kontrollplan på landbruksområdet. Det skal leggjast vekt på forvaltningskontroll i kommunane og ei målretta oppfølging når ein finn avvik.

Fylkesmannen skal medverke i regjeringa sitt arbeid med berekraftig forvaltning og auka utnytting av skogressursane med sikte på verdiskaping og miljø- og energigevinstar og vere ein pådrivar overfor kommunane og skognæringa på dette området.

I samband med rulleringa av regionale miljøprogram i jordbruket (RMP) med verknad frå 2009 skal Fylkesmannen følgje opp ei auka målretting av ordninga. Det skal leggjast vekt på ei sterkare kopling mellom dei regionale ordningane og miljøverkemidla som vert forvalta av kommunane. Fylkesmannen skal òg medverke til at måla i Landbruks- og matdepartementet sin miljøstrategi 2008-2015 vert nådde gjennom rolla som pådrivar overfor kommunar, landbruksnæringa og andre relevante aktørar.

Regjeringa har sett som mål at 15 pst. av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk innan 2015. Fylkesmannen skal medverke i regjeringa si satsing på dette området mellom anna gjennom å følgje opp tiltak i dei fylkesvise handlingsplanane for økologisk landbruk.

Regjeringa har som mål å stanse tapet av naturmangfald innan 2010. Fylkesmannen skal medverke til å nå dette målet gjennom å sikre verdiar som er viktige for å ta vare på leveområde, naturressursar og artar. Fylkesmannen vert i 2009 styrkt over Miljøverndepartementet sitt budsjett i høve til arbeidet med å sikre naturmangfaldet. Følgjande område skal prioriterast:

- Auka fokus på gjennomføring av nasjonalparkplanen innan 2010 og forvaltning og skjøtsel av verneområde. Utarbeiding av forvaltningsplanar for nasjonalparkane og andre verneområde kor det er kritisk å få på plass ein forvaltningsplan for å ta vare på verneverdiane skal prioriterast. Det leggjast opp til eit heilskapeleg forvaltningssystem som omfattar planlegging, tiltak, oppfølging og rapportering. Eit viktig element i dette arbeidet er overvaking av tilstand i verneområda basert på bevaringsmål for det einskilde verneområdet.
- Oppfølging av vassforvaltningsforskrifta slik at fristane kan overhaldast. For å få til ei heilskapeleg og effektiv forvaltning skal Fylkesmannen medverke til best mogleg samordning mellom forvaltning av område med ulike typar av vern og område som vert omfatta av vassforvaltningsforskrifta.
- Utarbeiding og oppfølging av handlingsplanar for trua artar. Dette arbeidet vil bli vesentleg trappa opp i 2009. Dei fleste embeta er involverte i arbeidet.
- Kartlegging av naturmangfald og kvalitetssikring av data. Fylkesmannen har òg ei sentral rolle i å medverke til at kartlagde verdifulle lokalitetar kan takast vare på og skjøttast riktig.
- Innsats mot framande artar. Fylkesmennene har ein sentral rolle i høve til kartlegging, overvaking, informasjon og andre tiltak for å hindre negative effektar og spreieing av framande artar. Dette krev innsats både på arts- og områdenivå, og samordning på tvers av sektorar og kommunar er viktig.

Det blir ei utfordring for embeta å omstille seg til å bruke meir midlar på desse områda samtidig som ressursbruken må vere effektiv og gi konkrete resultat raskt.

Innafor artsforvaltning er det å ta vare på villaksen, rovviltforvaltning og oppfølging av villreinforvaltninga framleis viktige oppgåver for Fylkesmannen. Fylkesmannen skal medverke til samordning av landbrukspolitiske og miljøpolitiske verkemiddel i område der det kan oppstå konflikt mellom beiteinteresser og vern av rovvilt, og medverke til å sikre god oppfølging og godt samarbeid med rovviltneimndene i regionen. I områder der det vert utøvd reindrift skal Fylkesmannen sjå til at reindriffta sine interesser vert vurderte og tekne vare på.

Verdiskaping med basis i naturverdiar skal prioriterast, særleg gjennom verdiskapingsprogrammet "Naturarven som verdiskaper" som startar tidleg i 2009. Fylkesmannen skal delta i styringa av hovudprosjekta i dette programmet. I verneplanarbeidet skal Fylkesmannen òg ha fokus på mogleg tilrettelegging for næringsutvikling.

Fylkesmannen skal i 2009 prioritere det lokale og regionale klimaarbeidet gjennom å samordne dei statlege interessene og miljømåla som er lagt fram i [St.meld. nr. 34 \(2006-2007\) Norsk klimapolitikk](#) og konkretisert i det såkalla klimaforliket i Stortinget. Fylkesmannen skal syte for at statlege forventningar til kommunane på klimaområdet verte formidla og ivaretekne. Fylkesmannen har myndigheit og verkemiddel knytte til regulering av klimagassutslepp frå landbruk og avfallshandsaming, og skal gjennom si rolle som rådgjevar og kunnskapsformidlar syte for at det takast heilskapeleg klimaomsyn i kommunal og regional planlegging og vere pådrivar for at kommunane utarbeider klimaplanar. Det er etablert eit nasjonalt utviklingsprogram for klimatiltak i landbruket for å styrkje landbruksområdet sitt arbeid med klimagassar. Fylkesmannen er ein viktig aktør i dette arbeidet i kommunane. St. meld. nr 34 (2006-2007) og klimaforliket tydeleggjer at skogressursane skal brukast meir aktivt som ledd i klimaarbeidet, både med omsyn til auka karbonbinding i skog og auka bruk av trevirke og bioenergi. Prioriterte tiltak skal ha positiv effekt både for å motverke klimaendringar og for bevaring av biologisk mangfald og andre miljøverdiar. Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet vil samarbeide nært om oppfølginga av klimaforliket. Ei stortingsmelding om klimautfordringane på landbruks- og matområdet vil bli lagt fram våren 2009.

Regjeringa har i [St.meld. nr. 14 \(2006-2007\) Sammen for et giftfritt miljø](#) sett som mål at utslepp og bruk av helse- og miljøfarlege kjemikalier ikkje skal føre til helseskade eller skader på naturen sin evne til produksjon og sjølvfornyng. Fylkesmannen har ei rekkje oppgåver knytte til dei nasjonale måla i meldinga, mellom anna tilsyn og oppfølging av industriverksemder, forureina sediment, eigedommar med forureina grunn og avfallsanlegg. I 2009 skal Fylkesmannen delta i tre nasjonale og tre regionale tilsynsaksjonar.

Fylkesmannen skal medverke til å setje i verk regjeringa si handlingsplan for tiltak om opprydding i forureina sediment i dei 17 prioriterte områda. Som myndigheitsutøvar, kunnskapsformidlar og rådgjevar har Fylkesmannen ei særskild viktig oppgåve både i å hindre ny tilførsel og avgrense spreing av miljøgifter, og å syte for naudsynt opprydding i forureina sediment med særleg omsyn på skipsverft i 2009. Fylkesmannen skal òg medverke til å løyse avfallsproblema slik at det vert minst mogleg ulempe for menneske og miljø.

Innhenting, kvalitetssikring, forvaltning og formidling av miljødata er ei viktig oppgåve for Fylkesmannen. Miljødata skal oppdaterast årleg og formidlast gjennom nettstaden Miljøstatus i sitt fylke. Fylkesmannen skal og syte for at Miljøstatus vert gjort kjend for kommunar, verksemder, skular og interesseorganisasjonar. Vidare skal Fylkesmannen syte for at databasen "Forurensning" vert oppdatert innanfor eigne område.

2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har ei viktig rolle ved kriser og katastrofar i fred, som samordnar av samfunnstryggleiksarbeidet i fylket. Fylkesmannen skal rettleie kommunane, og arbeide nært med Forsvaret og andre statsetatar i dette.

Regjeringa legg vekt på samarbeid og samvirke for å sikre heilskapeleg og samordna krisehandtering på sentralt, regionalt og lokalt nivå, jf. [St.meld. nr. 22 \(2007-2008\)](#)

[Samfunnssikkerhet](#). Fylkesmannen skal i 2009 medverke til at den nasjonale satsinga på tilpassing til klimaendringar vert reflektert i regional og lokal beredskapsførebuing og krisehandtering. Fylkesmannen skal sjå til at analysar av risiko og sårbarheit vert gjennomførte, beredskapsplanar vert vidareutvikla og øvingar og opplæring vert sett i verk. Rett dimensjonerte og øvde rednings- og beredskapsorganisasjonar er viktige føresetnader for god handtering.

Overordna nasjonal helse- og sosialberedskapsplan vart revidert av Helse- og omsorgsdepartementet i 2008. Fylkesmannen skal, i tråd med planen, vidareutvikle og øve sitt eige apparat for å ivareta si rolle ved kriser innan helse- og sosialberedskapsområdet. Fylkesmennene skal medverke til at kommunar, helseføretak og vassverk vidareutviklar beredskapsplanane sine, utviklar avtalar og prosedyrar for samhandling i sektoren ved kriser, og gjennomfører øvingar og andre nødvendige kompetansetiltak i tråd med lov om helsemessig og sosial beredskap og anna helse- og sosiallovgiving.

VEDLEGG 1: BUDSJETTFORDELING & ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE FULLMAKTER

I BUDSJETTFORDELING

Kapittel 1510 post 01 er auka med 25 mill. kroner til styrking av embeta sitt arbeid innan seks departementsområde. Fordelinga mellom embeta er basert på tilbakemelding frå fagdepartementa. Alle embeta er tildelt middel for å styrke eit eller fleire fagområde. *Barne- og familiedepartementet* signaliserer at styrkinga skal gå til tilsyn og klagesakshandsaming på barnevernsområdet. *Helse- og omsorgsdepartementet* ber om at styrkinga skal gå til rådgjeving, rettleiing og utviklingsoppgåver på helse- og sosialområdet (HOD-1), og til tilsyn og klagesakshandsaming på helse- og sosialområdet (HOD-2). På *Kommunal- og regionaldepartementets* fagområde er det klagesakshandsaming knytt til plan- og bygningsloven som skal bli prioritert. Midla på *Kunnskapsdepartementet* sitt område skal nyttast til å styrke arbeidet med tilsyn på utdanningsområdet. *Landbruks- og matdepartementet* ynskjer ei generell styrking av landbruksområdet, med særleg vekt på å betre kontrollen med tilskotsordningane i landbruket. På *Miljøverndepartementets* område er satsinga knytt til styrking av arealplanlegging og arbeid med natur- og miljøvern.

Fordelinga mellom embeta:

	BLD	HOD 1	HOD 2 ¹	KD	KRD	LMD	MD	Sum embete
FMØS	250 000			343 750	55 550			649 300
FMOA	500 000		1 000 000	171 875	300 000		400 000	2 371 875
FMHE	100 000		125 000	343 750	55 550			624 300
FMOP	100 000			343 750	100 000			543 750
FMBU	100 000		125 000	343 750	55 550	300 000	600 000	1 524 300
FMVE	100 000			343 750	55 550	300 000	600 000	1 399 300
FMTE	250 000			343 750	55 550	300 000		949 300
FMAA	100 000	500 000		171 875	55 550	900 000	600 000	2 327 425
FMVA	250 000	500 000	125 000	343 750	100 000	300 000	600 000	2 218 750
FMRO	250 000			171 875	300 000		600 000	1 321 875
FMHO	500 000		600 000	171 875	300 000		400 000	1 971 875
FMSF	100 000	500 000		343 750	100 000			1 043 750
FMMR	100 000			343 750	55 550			499 300
FMST	250 000		450 000	343 750	55 550		600 000	1 699 300
FMNT	100 000	500 000		343 750	100 000			1 043 750
FMNO	250 000		450 000	343 750	100 000	300 000	600 000	2 043 750
FMTR	100 000	500 000	125 000	343 750	100 000	600 000		1 768 750
FMFI	100 000	500 000		343 750	55 600			999 350
Sum	3 500 000	3 000 000	3 000 000	5 500 000	2 000 000	3 000 000	5 000 000	25 000 000

Kapittel 1510 post 01 er auka med 4,7 mill. kroner i samband med omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar (EMA) under 15 år, og klagesakshandsaming på einskildvedtak fatta for overfor denne gruppa. Seks av embeta er tildelt middel til dette arbeidet.

¹ Kontaktsfylkeslege i FMOA, FMHO, FMST og FMNO. Fylkesovergripande oppgåver for FMHE, FMBU, FMVA og FMTR.

Kapittel 1510 post 01 er auka med 1 mill. kroner for å styrkja arbeidet knytt til handheving av regelverket for mottak av avfall i norske hamner. 16 av embeta er tildelt middel til dette arbeidet.

Lønnskompensasjon:

Løyvinga til embeta i 2009 inneheld 56,109 mill. kroner som kompensasjon for lønnsauken knytt til det sentrale lønnsoppgjerdet for 2008. Tildelinga til det særskilde embetet er gjeve med same prosentvise del som i tilleggsløyvinga hausten 2008, jf. brev frå departementet 31. oktober 2008.

Basisløyvinga:

Løyvinga er vidareført med same beløp som i 2008.

Reiseutgifter:

Den samla tildelinga til dekning av reiseutgifter er vidareført frå 2008 med 32,522 mill. kroner. Fordelinga av ressursar mellom embeta er justert på bakgrunn av rekneskapstal frå 2007 og 2008, jf. konto 231 Reiseutgifter, diett, m.m. og 235 Reiseutgifter styrer, råd og utval.

Fagoppgåver – oppdatering av statistikkgrunnlaget:

Statistikkgrunnlaget knytt til fordeling av løyvinga til fagoppgåver er delvis oppdatert hausten 2008. Grunnlaget er også korrigert for feil i data ved tildeling i 2008 knytt til rettshjelpssaker (JD) og verna område (MD). Embetas relative del av løyvinga til fagoppgåver er difor endra.

	Østfold	Oslo og Akershus	Hedmark	Oppland	Buskerud	Vestfold
<i>Del 09</i>	4,89 %	13,38 %	5,65 %	5,92 %	5,14 %	4,16 %
<i>Del 08</i>	5,08 %	13,08 %	5,75 %	6,05 %	5,34 %	4,22 %
<i>Endr. 08/09</i>	-0,19 %	0,30 %	-0,10 %	-0,13 %	-0,20 %	-0,06 %
	Telemark	Aust-Agder	Vest-Agder	Rogaland	Hordaland	Sogn og Fjordane
<i>Del 09</i>	3,75 %	2,74 %	3,48 %	7,37 %	8,30 %	4,22 %
<i>Del 08</i>	3,73 %	2,73 %	3,35 %	7,28 %	8,28 %	4,17 %
<i>Endr. 08/09</i>	0,02 %	0,01 %	0,13 %	0,09 %	0,02 %	0,05 %
	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark
<i>Del 09</i>	6,05 %	6,11 %	4,57 %	6,88 %	4,41 %	2,99 %
<i>Del 08</i>	6,01 %	6,03 %	4,55 %	6,88 %	4,48 %	3,00 %
<i>Endr. 08/09</i>	0,04 %	0,08 %	0,02 %	0,00 %	-0,07 %	-0,01 %

Differensiert arbeidsgjevaravgift:

EU-kommisjonen har 21.12.2005 vedteke nye retningslinjer for regionalstønad. Regelverket regulerer m.a. ordningar som til dømes differensiert arbeidsgjevaravgift og gjeld fram til 31.12. 2013. Som følgje av lågare sats for arbeidsgjevaravgift sparer embeta i Sogn og

Fjordane, Nordland og Troms lønnskostnader. Dette fører til at det vert trekt ut budsjettmiddel frå desse embeta med same beløp som i 2008.

Statsborgarskap:

Fordelinga av ressursar mellom embeta i samband med oppgåver knytte til planlegging og gjennomføring av ein frivillig seremoni for nye norske statsborgarar er vidareført frå 2008

Nettverksbygging:

Fylkesmannen i Hordaland er tildelt kr 100 000 for å leggje til rette for nettverksbygging mellom embeta på det kommunikasjonsfaglege området. Arbeidet skal medverke til utveksling av erfaringar og kunnskap mellom embeta.

Trippelnett:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvaret for drift og vedlikehald av fellesløysinga Trippelnett. Trippelnettet omfattar internett, ekstranett og intranett, og skal nyttast av alle embeta. Fylkesmannen.no (internett) er den viktigaste kanalen for formidling av informasjon til innbyggjarane, kommunane og pressa. Den tekniske plattformen for Trippelnett ligg fast, og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvaret for avtala med Digimaker, som er presentasjonsverktøyet i Trippelnett. I tillegg har Fylkesmannen òg fått ansvar for avtala med More som er verktøyet for bruk av elektroniske skjema i Trippelnettet. Ansvar for fellestekstar på Fylkesmannen.no og drift av Trippelnett ligg òg til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Anna innhald på Fylkesmannen.no og intranettet er dei respektive embeta sitt ansvar.

FRI (Fylkesmennenes Regionale Informasjonsnett) og kartpool:

Fylkesmannen i Hedmark har ansvar for drift av FRI. Linjekostnadene er fordelte ut på kvart embete ut frå ein eigen fordelingsnøkkel/kostnadsrefusjon. I samanheng med drift av FRI har Fylkesmannen i Hedmark òg fått ansvaret for fellesløysinga for fjernaksess.

For å betre grunnlaget for avgjerder internt i forvaltninga, styrkje rettstryggleiken og utvikle kontakten med brukarane skal embeta i større grad bruke stadfesta informasjon (kart) og geografiske informasjonssystem i arbeidet, jf. St. meld. nr. 30 (2002-2003) Norge digitalt - et felles fundament for verdiskaping. Ei revidert utgåve av GIS-strategi for fylkesmennene vart sendt ut frå departementet i april 2008. Strategien skal rullerast jamleg. Fylkesmannen bes om å arbeide for aktiv integrering av kartdata i saks/ arkivsystemet ePhorte. Embeta skal òg nytta ordninga med kartpool for brukarlisensar for felles kartprogramvare for alle embeta.

Fordelinga av ressursar mellom embeta i samband med linjekostnadane er vidareført frå 2008. Fylkesmannen i Hedmark har fått auka tildelinga knytt til oppdraga med FRI og kartpool i 2009 grunna auka driftskostnader og auka lisensutgifter.

Drift av testsenter og ePhorte helpdesk for embeta:

Fylkesmannsembeta si forsøksløysing med fast drift av testsenter og helpdesk for ePhorte vert skipa som fast ordning hjå Fylkesmannen i Oslo og Akershus frå januar 2009.

Drift el. rettshjelpsløysing:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil også for 2009 ha ansvar for sentral drift av rettshjelpsløysinga for alle embeta.

Fylkesmannsembeta - Kap. 1510, jf kap. 4510	2009
Kap. 1510 post 01 – Driftsutgifter	1 193 379 000

A1. Sum sentrale middel/avsetninger	15 800 000
Ufordelt - Tilsyn omsorgsenter EMA (BLD)	438 000
A2. Sum fordelt embeta	1 176 642 000

01 Østfold	59 619 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	7 517 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	1 041 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	2 906 000
Reiseutgifter	1 018 000
Fagoppgåver	31 013 000
Differanse modell	1 000 000
Del av 25 mill. styrking	649 300
Statsborgarskap	408 000
FRI -linjeleie	154 000
Tilsyn med omsorgsenter for EMA i Skiptvet (BLD)	900 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	200

02 Oslo/Akershus	135 306 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	22 000 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	2 072 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	6 279 000
Reiseutgifter	1 264 000
Differanse modell	-1 000 000
Fagoppgåver	84 935 000
Del av 25 mill. styrking	2 371 875
Statsborgarskap	1 266 000
FRI -linjeleie	176 000
Klareringsmyndighet - overføring av oppgåva (1/2 årsverk og reiseutg.)	320 000
Overføring av oppgåve - Oppsynsmann flyttet til Statens naturoppsyn	-400 000
Fast drift av testsenter og ePhorte helpdesk for embeta	1 335 000
Tilsyn med omsorgsenter for EMA i Eidsvoll, Grue og Bærum (BLD)	1 675 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	-375

04 Hedmark	68 180 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	7 000 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	1 082 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	2 949 000
Reiseutgifter	1 227 000
Fagoppgåver	35 873 000
Differanse modell	750 000
Del av 25 mill. styrking	624 300
Justering av husleigekontraktar	1 282 000
Meirkostnader, eksternt sentralbord (Engerdal)	490 000
Statsborgarskap	173 000
FRI-drift som fast oppdrag	2 128 000
FRI -linjeleie, tilskot redundans	102 000
Kartpool drift og etablering	1 550 000

05 Oppland	64 712 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	6 359 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	900 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	3 344 000
Reiseutgifter	1 174 000
Fagoppgåver	37 578 000
Differanse modell	500 000
Del av 25 mill. styrking	543 750
Statsborgarskap	201 000
FRI -linjeleie	262 000
Tilsyn med omsorgssenter for EMA i Gjøvik (BLD)	900 000
Korreksjonsbeløp	250

06 Buskerud	61 244 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	7 280 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	1 028 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	2 906 000
Reiseutgifter	960 000
Fagoppgåver	32 624 000
Differanse modell	750 000
Del av 25 mill. styrking	1 524 300
Sentral annonsering av språkprøven	415 000
Statsborgarskap	308 000
FRI -linjeleie	211 000
Tilsyn med omsorgssenter for EMA i Hønefoss (BLD)	225 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	200

07 Vestfold	51 340 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	5 640 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	865 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	2 526 000
Reiseutgifter	814 000
Fagoppgåver	26 398 000
Differanse modell	250 000
Del av 25 mill. styrking	1 399 300
Statsborgarskap	281 000
FRI -linjeleie	154 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	200

08 Telemark	51 254 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	6 750 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	762 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	2 088 000
Reiseutgifter	998 000
Fagoppgåver	23 788 000
Differanse modell	2 500 000
Del av 25 mill. styrking	949 300
Statsborgarskap	252 000
FRI -linjeleie	154 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	200

09 Aust-Agder	43 205 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	2 981 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	772 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	2 030 000
Reiseutgifter	1 236 000
Fagoppgåver	17 388 000
Differanse modell	3 000 000
Del av 25 mill. styrking	2 327 425
Justering av husleigekontrakt	110 000
Statsborgarskap	160 000
FRI -linjeleie	188 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	75

10 Vest-Agder	55 335 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	7 742 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	822 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	2 599 000
Reiseutgifter	1 402 000
Fagoppgåver	22 072 000
Differanse modell	4 000 000
Del av 25 mill. styrking	2 218 750
Statens hus byggetrinn I	500 000
Plan og bygningsloven, arealplanar og byggesaker	500 000
Statsborgarskap	238 000
FRI -linjeleie	117 000
Tilsyn med omsorgsenter for EMA i private plasser (BLD)	112 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	-250

11 Rogaland	78 146 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	7 273 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	1 434 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	3 923 000
Reiseutgifter	2 491 000
Fagoppgåver	46 804 000
Del av 25 mill. styrking	1 321 875
Klareringsmyndigheit - overføring av oppgåva (1/2 årsverk og reiseutg.)	280 000
Hospiteringsavtale	425 000
Tilsyn med kontinentalsokkelen	600 000
Statsborgarskap	404 000
FRI -linjeleie	178 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	-375

12 Hordaland	86 572 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	10 123 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	1 474 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	4 234 000
Reiseutgifter	2 487 000
Fagoppgåver	52 654 000
Del av 25 mill. styrking	1 971 875
Nettverksbygging kommunikasjonsfagleg område	100 000
Statsborgarskap	320 000
FRI -linjeleie	196 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	-375

14 Sogn- og Fjordane	60 299 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	6 943 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	1 114 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	2 818 000
Reiseutgifter	2 577 000
Fagoppgåver	26 807 000
Del av 25 mill. styrking	1 043 750
Differensiert arbeidsgjevaravgift, innsparing	-888 000
Drift av el. rettshjelpslysinga	2 084 000
Statsborgarskap	141 000
Drift og vedlikehald trippelnett - inkludert Digimaker og More i 09	4 289 000
FRI -linjeleie	308 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Hospitering, jr. FADs brev av 8.10.2008	50 000
Korreksjonsbeløp	-250

15 Møre- og Romsdal	62 656 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	4 312 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	1 030 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	2 716 000
Reiseutgifter	2 395 000
Fagoppgåver	38 391 000
Del av 25 mill. styrking	499 300
Statsborgarskap	168 000
FRI -linjeleie	132 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	200

16 Sør-Trøndelag	70 898 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	10 161 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	1 313 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	3 723 000
Reiseutgifter	1 774 000
Fagoppgåver	38 803 000
Del av 25 mill. styrking	1 699 300
Statsborgarskap	251 000
FRI -linjeleie	161 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	200

17 Nord-Trøndelag	57 968 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	6 176 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	1 023 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	3 125 000
Reiseutgifter	2 368 000
Fagoppgåver	29 014 000
Differanse modell	1 000 000
Del av 25 mill. styrking	1 043 750
Statens hus byggetrinn I	800 000
Justering av husleigekontrakt, sjå brev av 24092007	170 000
Statsborgarskap	154 000
FRI -linjeleie	82 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	-250

18 Nordland	72 608 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	8 616 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	1 177 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	3 096 000
Reiseutgifter	2 911 000
Fagoppgåver	43 661 000
Del av 25 mill. styrking	2 043 750
Differensiert arbeidsgjevaravgift, innsparing	-2 857 000
Statsborgarskap	202 000
FRI -linjeleie	296 000
Tilsyn med omsorgssenter for EMA i private plasser (BLD)	450 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	-250

19 Troms	54 386 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	6 672 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	946 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	2 803 000
Reiseutgifter	2 448 000
Fagoppgåver	27 988 000
Differanse modell	250 000
Del av 25 mill. styrking	1 768 750
Differensiert arbeidsgjevaravgift, innsparing	-2 219 000
Justering av husleigekontrakt	325 000
Statsborgarskap	155 000
FRI -linjeleie	237 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	-250

20 Finnmark	43 414 000
Basisløyving	12 950 000
Faste utgifter	3 003 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2008	709 000
Kompensasjon lønnsoppgjer 2009	2 044 000
Reiseutgifter	2 979 000
Fagoppgåver	18 979 000
Differanse modell	200 000
Del av 25 mill. styrking	999 350
Samfunnsmedisin	420 000
Embetsbolig	150 000
Statsborgarskap	151 000
FRI -linjeleie	267 000
Kompensasjon for Finnmarksordninga for leger	500 000
Handheving av regelverk for mottak av avfall i norske hamner (MD)	62 500
Korreksjonsbeløp	150

II. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE FULLMAKTER

1. Fullmakt til å overskride driftsløyvinga på kap. 1510 post 01

Fullmakta gjeld løyve til å overskride driftsløyvinga på kap. 1510, post 01 med inntil to prosent av løyvinga på posten mot tilsvarende meirinntekt på kap. 4510, post 02, jf løyvingsreglementet § 11 fjerde ledd nr. 1 og Finansdepartementets rundskriv R-110, pkt 2.4.

Den inntektsfinansierte aktiviteten må liggje innanfor det som er verksemdenes mål, oppgåver og rammevilkår, og ikkje skape bindingar til å oppretthalde eit høgare aktivitetsnivå enn det som vert dekt av utgiftsløyvinga dersom meirinntekta fell bort.

Meirinntekter i form av lønsrefusjonar frå andre statlege verksemder, jf inntektspostane 15-18, gir grunnlag for overskriding utan særskilt samtykke, og utan å vere bunden av gitte grenser.

2. Fullmakt til å overskride driftsløyvinga på kap. 1510 post 21

Fullmakta gjeld løyve til å overskride driftsløyvinga på kap. 1510, post 21 mot tilsvarende meirinntekt på kap. 4510 post 01, jf romartalsvedtak II i St.prp. nr. 1 (2008-2009).

3. Fullmakt til å nettoføre refusjonar av utgifter til fellestenester på kap. 1510 post 21

Fullmakta gjeld løyve til å nettoføre som utgiftsreduksjon på kap. 1510, post 21 refusjonar av utgifter til fellestenester der embetet samordnar utgiftene, jf romartalsvedtak IV.2 i St.prp. nr. 1 (2008-2009).

4. Fullmakt til å nettoføre bonus og rabattar

Fullmakta gjeld løyve til å nettoføre som utgiftsreduksjon på kap. 1510, postane 01 og 21 tilbakebetalt bonus og rabattar, også om tilbakebetalinga gjeld kjøp i tidlegare år, jf romartalsvedtak IV.1 i St.prp. nr. 1 (2008-2009).

5. Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr

Fullmakta gjeld løyve til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr løyvd over kap. 1510, postane 01 og 21 med inntil fem prosent av løyvinga, når dette er ledd i ein rutinemessig fornyingsprosess, jf Løyvingsreglementet § 3 fjerde ledd og Finansdepartementets rundskriv R-110, pkt 2.2. Salsinntektene skal førast til kredit på underpostane 01-21 og 21-21, slik at det er mogleg å kontrollere at grensa på fem prosent ikkje vert overskriden.

6. Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret

Fullmakta gjeld løyve til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret 2009, som gjeld den ordinære verksemda, jf § 6 andre ledd i Løyvingsreglementet og Finansdepartementets rundskriv R-110, pkt 2.3. Utgiftene ein har teke på seg i tilknytning til avtalar må kunne dekkjast innanfor eit uendra løyvingsnivå på vedkomande budsjettpost i heile avtaleperioden, og oppseiingsklausular skal om nødvendig innarbeidast i avtalar.

7. Fullmakt til å yte erstatning for skade/tap av private egedelar

Fullmakta gjeld myndigheit til å yte erstatning for inntil 20 000 kroner dekt innanfor verksemdas eige budsjett for skade eller tap av private egedelar i samband med tenesta ved tjuveri, innbrot, naturskade, brann o l. Erstatninga må ytast i samsvar med retningslinjene i Personalhandboka.

8. Fullmakt til gi utdanningspermisjon med løn i inntil eitt år

Fullmakta gjeld myndigheit til å avgjere kven i verksemda som skal få godkjent utdanningspermisjon med løn i inntil eitt år innanfor verksemdas eige budsjett. Godkjenninga må vere i samsvar med retningslinjene i Personalhandboka.

VEDLEGG 2: MØTEKALENDER FOR 2009

Månad	Dato	Ansvarleg	Møte
Januar	20.-21.	Kunnskapsdepartementet	Regelverksamling likeverdig behandling på barnehageområdet
Februar	5. 5.-6. 10. 10. 11. 12.-13. 24.-25 25.-26.	Kommunal- og regionaldepartementet Statens helsetilsyn Direktoratet for naturforvaltning/ Statens Forureiningstilsyn Utdanningsdirektoratet Kunnskapsdepartementet Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet Landbruks- og matdepartementet Helsedirektoratet/ Arbeids- og velferdsdirektoratet	Styringsmøte med FM i Rogaland Møte med leiarane for tilsynsarbeid knytt til sosial- og helseområdet Styringsmøte med FM i Vestfold Møte om samiske saker Barnehagesamling for utdanningsdirektørar og sakbehandlarar på barnehageområdet Møte i den statlige barnehage- og utdanningsadministrasjonen og Sametinget Samling for landbruksdirektørane Møte med Fylkesmenn og leiare av helse- og sosialfeltet
Mars	3.-4. 11. Medio 17.- 19.	Fornyings- og administrasjonsdepartementet Landbruks- og matdepartementet Kommunal- og regionaldepartementet Statens Forureiningstilsyn	Fylkesmannsmøte, Oslo Styringsmøte med FM i Finnmark Styringsmøte med FM i Hedmark Fellesfagsamling for FM sine oppgaver innfor forureining
April	1. 1. 16. 17. 22.-23. 28. 29.	Landbruks- og matdepartementet Direktoratet for naturforvaltning/ Statens Forureiningstilsyn Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet Statens helsetilsyn/ Helsedirektoratet Landbruks- og matdepartementet Landbruks- og matdepartementet	Styringsmøte med FM i Troms Styringsmøte med FM i Hedmark Styringsmøte med FM i Oslo og Akershus Styringsmøte med FM i Østfold Møte med Fylkesmennene og Helsetilsynet i fylket Styringsmøte med FM i Nordland Styringsmøte med FM i Møre og Romsdal
Mai	5. Medio Medio Ultimo 26. 28.	Direktoratet for naturforvaltning/ Statens Forureiningstilsyn Kommunal- og regionaldepartementet Barne- og likestillingsdepartementet Kommunal og regionaldepartementet Innovasjon Norge/ Landbruks- og matdepartementet Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet	Styringsmøte med FM i Troms Informasjonsmøte med økonomirådgevarar i samband med kommuneproposisjonen (Oslo) Tilsynsforum (Oslo?) Kontaktkonferanse med fylkesmennene (Nord-Trøndelag) Fellessamling for LMD, Innovasjon Norge og landbruksdirektørane Styringsmøte med FM i Møre og Romsdal
Juni	Primo Primo 3.-5. 4. – 5.	Kommunal- og regionaldepartementet Kommunal- og regionaldepartementet DSB -FMST Direktoratet for naturforvaltning/ Statens forureiningstilsyn	Kontaktkonferanse med fylkesmannsembeta (i Nord-Trøndelag) Styringsmøte med FM i Oppland Fagsamling I - Fylkesberedskapssjefane Vårkonferanse for fylkesmiljøvernssjefane

Månad	Dato	Ansvarleg	Møte
	9.-10. 10. 16.-17. 17. 18.-19. Medio	Utdanningsdirektoratet Direktoratet for naturforvaltning/ Statens forureiningstilsyn Fornyings- og administrasjonsdepartementet Utdanningsdirektoratet Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet Utdanningsdirektoratet	Regelverksamling utdanningsområdet Styringsmøte med FM i Hordaland Fylkesmannsmøte Møte om samiske saker Møte i den statlige barnehage- og utdanningsadministrasjonen og Sametinget Regelverksamling
Juli			
August			
September	2. 2.-4. 9. Medio 16. 24.-25. 30.	Utdanningsdirektoratet Miljøverndepartementet/ Kommunal- og regionaldepartementet Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet Kommunal- og regionaldepartementet Direktoratet for naturforvaltning/ Statens forureiningstilsyn Statens helsetilsyn Landbruks- og matdepartementet	Heildagsmøte om tilsyn Fagkonferanse i plan – og bygningsrett Styringsmøte med FM i Oppland Styringsmøte med FM i Troms Styringsmøte med FM i Nord-Trøndelag Møte med leiarane for tilsynsarbeid knytt til sosial- og helseområdet Styringsmøte med FM i Sogn og Fjordane
Oktober	Primo 13.-14. 20. Medio 21. 21. 28. 29.-30. Ultimo	Landbruks- og matdepartementet Fornyings- og administrasjonsdepartementet Direktoratet for naturforvaltning/ Statens Forureiningstilsyn Kommunal- og regionaldepartementet Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap Landbruks- og matdepartementet Utdanningsdirektoratet Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet Kommunal- og regionaldepartementet	Landbruksdirektørsamling i samband med framlegg av statsbudsjettet Fylkesmannsmøte, Oslo Styringsmøte med FM i Aust-Agder Informasjonsmøte med økonomirådgevarar i samband med statsbudsjettet (Oslo) Fagsamling II – Erfaringsseminar (tentativt) Styringsmøte med FM i Vest-Agder Møte om samiske saker Møte i den statlige barnehage- og utdanningsadministrasjonen og Sametinget Styringsmøte med FM i Vest-Agder
November	3. 3.-4. 6. Uke 45 11.-12. 10.-12. 18. 18.-19.	Landbruks- og matdepartementet Fornyings- og administrasjons- departementet Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet Direktoratet for naturforvaltning/ Statens forureiningstilsyn Statens helsetilsyn/ Helsedirektoratet Barne- og likestillingsdepartementet Landbruks- og matdepartementet Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Styringsmøte med FM i Oslo og Akershus Møte for administrativ leing i embeta Styringsmøte med FM i Nordland Haustkonferanse for fylkesmiljøvernsjefane Møte med Fylkesmennene og Helsetilsynet i fylket Tilsynsforum/haustmøte Styringsmøte med FM i Rogaland Fagsamling III – Fylkesberedskapssjefene – Heggedal

Månad	Dato	Ansvarleg	Møte
	19.-21. 25. Ultimo	Direktoratet for samfunns-sikkerhet og beredskap Landbruks- og matdepartementet Kommunal- og regionaldepartementet	Seminar "Saman om krise" – Heggedal Styringsmøte med FM i Vestfold Styringsmøte med FM i Vestfold
Desember	1.-2. 10.	Fornyings- og administrasjonsdepartementet Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet	Fylkesmannsmøte, Oslo Styringsmøte med FM i Finnmark